

Saksframlegg

Saksbehandlar: Arvid Stenehjøm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/11782-1

Val av ny leiar og nestleiar frå arbeidstakarsida – prolongering av sitjande medlemmar og varamedlemar

Fylkesrådmannen legg saka fram utan tilråding til vedtak:

1) Hovudsamarbeidsutvalet vel ny leiar og nestleiar for perioden 1.01.2016 til 31.12.2017 etter framlegg frå arbeidstakar representantane i utvalet;

Leiar:
Nestleiar:

2) Øvrige medlemmar og varamedlemmar i utvalet vert prolongert for perioden 01.01.2016 til 31.12.2017.

Vedlegg: Reglementet

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Fylkestinget i møte 03.06.2003, sak nr 0022/03, gjorde endringar som i prinsippet har erstatta Hovudarbeidsmiljøutvalet og Administrasjonsutvalet (HAMU og ADMU) med eit nytt organ kalla Hovudsamarbeidsutvalet. Fylkestinget vedtok i møte 11.12.07 å etablere HSU som eit fast organ.

Arbeidstakarsida skal no velje ny leiar og nestleiar for perioden 1.01.2016 til 31.12.2017.

Ved utpeiking av dei tilsette sine representantar blir medlemstalet både innanfor kommunalt og statleg avtaleområde å leggje til grunn. Representasjonen frå arbeidstakarsida skal skje etter høvetals-prinsippet, men arbeidstakarsida kan fråvike høvetalsprinsippet dersom dei gjennom avtale kjem fram til anna ordning/fordeling, jf. hovudavtalen.

Utvalet byggjer på gjennomgåande representasjon, slik at det så langt det er praktisk mogeleg bør vere den fylkeshovudtillitsvalde som er representert som medlem eller varamedlem i utvalet.

2. Konklusjon

Etter vedtak i HSU vert valet av ny leiar og nestleiar formidla som nyhende på Portalen og elles oppdatert der utvalet er presentert.